

Ber om skuleveginformasjon

Thommas Amundsen har vendt seg til Volda kommune for å få informasjon om farlege skuleveggar på Bjørkedalen. Han ber no om å få tilsendt dokumentasjon på farleg skuleveg frå Hauane på Løset til ungdomshuskrysset i Bjørkedalen.

- Eg ynskjer også tilsvarende dokumentasjon på andre strekningar langs E39 i Bjørkedalen, dersom De vurderer desse som farlege, skriv Amundsen. Han ber vidare om å få tilsendt vedtaket frå kommunen i samband med trafikksikringstiltak i Bjørkedalen, og etterspør korleis saka om utbering av Hauesvingen står.

Rideklubben ber om lenga nedbetalingstid

Volda rideklubb har eit lån i Sparebank 1 på 854.000 kroner som kommunen er garantist for. Frå og med 20. oktober må klubben betale nesten 9.000 kroner månaden i avdrag på lånet, då nedbetalingstida berre er sett til ti år. Klubben søkjer no Volda kommune om å auke nedbetalingstida til 20 år.

- Lånet vart tatt opp i 2010 for å opparbeide ei ridebane, men etter at bana kom opp har aktiviteten i klubben gått noko ned. Nokre aktive hesteeigarar har flytta frå bygda eller slutta med hest. Det har difor vore vanskelegare å få inn inntekter enn planlagt. I tillegg vart det diverse utgifter i samband med opparbeidinga av anlegget som vart høgare enn budsjettet, opplyser leiar i klubben, Edle Holmin. Ho forklarar at det vil vere ei stor hjelp å få mindre utgifter per måned på nedbetaling av lånet ved å auke lånetida.

- Vi veit at aktiviteten går opp og ned hjå liknande klubbar, men ser lyst på framtida, der vi vil ha fokus på rekruttering, forklarar Holmin. Ho opplyser vidare at Sparebank 1 ikkje har problem med å godta ynsket om utvida nedbetalingstid.


Teknisk feil kan skapa politisk trøbbel i Ålesund

(NPK): Over ein måned etter kommunevalet må tilleggsstemmene i alle valkretsane i Ålesund teljast på nytt. Årsaka er feil med ein skanner.

Den tekniske feilen førte til at tilleggsstemmene for sju parti i Spjelkavik valkrets ikkje blei registrert etter valet.

- Vi er i gang med å køyra stemmesetlane gjennom på nytt, seier fungerande ordførar Geir Stenseth til NRK.

Dersom det viser at den nye oppteljinga gjev eit anna resultat enn talet på registrerte tilleggsstemmer, kan det få følgjer for samansetjinga av dei ulike gruppene i bystyret, fortel NRK.



* Liv Jorunn Nyhagen, her på ryggen til Pokemann, vann klasse Lett A laurdag.



* Ida Kristine Standal og den seks år gamle hoppa Heidrid kunne juble etter ein uventa siger i klasse Lett D.

I sitt fyrste stemne gjekk Heidrid til topps. Ida Kristine Standal var særst nøgd med hesten sin etter konkurransen.

Avisa Møre vitja laurdag Vollane ridebane, der det i strålende sol vart arrangert distriktsstemne i dressur. Det vart



* Liv Jorunn Nyhagen frå Volda nytta to hestar under distriktsstemnet.

Stolt av hesten sin



* Anja Kirketeig frå Ørsta vann klasse Middels B, godt hjulpet av den lydige hesten Bakony.

konkurrert både laurdag og søndag, og heimelaget sikra seg fyrsteplassar i fleire klasser. Laurdag kunne både Liv Jorunn Nyhagen og Ida Kristine Standal frå Volda juble for kvar sin siger.

Hesten har eit stort potensial

Ida Kristine og den seks år gamle hoppa Heidrid stakk av med sigeren i klasse 1, Lett D. Dette var Heidrid sitt fyrste stemne, og Ida

Kristine hadde aldri trudd på siger for debutanten.

- Det var kjempekjekt, og ikkje minst veldig uventa. Eg hadde ikkje trudd at hesten skulle gjere det så bra. Ein siger er ei fin erfaring å ta med seg frå sitt fyrste stemne, smilte Ida Kristine stolt.

På spørsmål om Heidrid no kan vente seg ei gulrot i premiere, var det kontante svaret at det vankar opp til fleire slike etter den flotte sigeren. Det må vere såpass for ein vinnarhest.

Ida Kristine fortel vidare at ho berre har trena ordentleg med Heidrid i halvannen månad, og at hesten førebels ikkje kan så mykje.

- Difor hadde eg berre håpa at ho

skulle oppføre seg ordentleg under konkurransen, men så vann ho. Det ligg eit stort potensial i ho til å bli ein god konkurransehest som kan nå langt, slo Ida Kristine fast.

Under dressurstemne får deltakarane poeng etter øvelsar dei utfører, samt nøyaktigheit og lydighet. Poenga delast på ein koeffisient, og ein endar då opp med ein prosentsum, der 100 er best, men nesten heilt uopnåeleg. Verdsrekorden ligg på om lag 93 prosent. Ida Kristine og Heidrid enda på 70 prosent, noko som er rekna for å vere meir enn godt.

Siger til både Volda og Ørsta

Liv Jorunn Nyhagen og nemnte

Standal stilte seinare på dagen i klasse 4, Lett A, der dei skulle forsvare Volda si ære i konkurranse mot June Helén Akslen frå Emblem. Liv Jorunn stilte med to hestar, Pokemann og Birkeholms Thoke Patsijon, og rei både fyrst og sist i klassa.

- Det er litt travelt å bytte hest når det er så få deltakarar i klassa, så det går i 200, men det skal nok gå bra, lo ho i det ho steig opp på ryggen til Pokemann, etter at ho og Birkeholms Thoke Patsijon hadde vist seg fram for dommar Tina Eidsgaard frå Gol.

Liv Jorunn vann klassa med ein prosent på 69,63, og kunne med det smile breitt då ho la ut på æres-

runde saman med Pokemann.

I den siste klassa laurdag, klasse 5, Middels B, tok Liv Jorunn tredje- og fjerdeplassen, medan Anja Grønnevik Kirketeig kunne reise heim til Ørsta som vinnar. Ho rir hesten Bakony, som Anne Stine Foldal eig.

- Dette var langt over det eg hadde venta, sa Anja etter premieutdelinga. Ho skrytte av at hesten var stabil heile vegen, og gjorde det han fekk beskjed om.

SVEN GISKE

Resultatliste

Klasse 01 LD:1

Plass	Rytter	Hest	Klubb	Total
1	Standal, Ida Kristine	Heidrid	VOLDA	70,000 %
2	Nydal, Ann-M. H.	Donna Laura	FØRDE	66,250 %
3	Kirketeig, Anja G.	Aruba	ØRKK	64,167 %
4	Vatnehol, Karin	Lille Jeanette	VOLDA	57,500 %
	Skaar, Gunvor	Skaars Benita	ØRKK	ELI

Klasse 02 LC:1

Plass	Rytter	Hest	Klubb	Total
1	Nydal, Ann-M. H.	Donna Laura	FØRDE	63,478 %
2	Heltne, Lena	Dancing Queen	ØRKK	63,043 %
3	Stålem, Kjersti L	ille Jeanette	VOLDA	62,609 %
3	Brekke, Anita	Råds Hero	ØRKK	62,609 %
5	Seim, Benedicte T.	Zafira	EID	62,174 %
6	Welle, Ingrid Othilie	Tyrcoedback	Tirion SYKK	58,696 %
7	Kulseth, Silje marie	Bjell	SYKK	53,478 %

Klasse 03 LB:2

Plass	Rytter	Hest	Klubb	Total
1	Akslen, June Helén	Zorro	EMBL	65,556 %
2	Standal, Ida Kristine	Linndi Nordgard	VOLDA	64,074 %
3	Welle, Ingrid Othilie	Tyrcoedback	Tirion SYKK	57,407 %
4	Særsten, Monica yvonne	Schubert	SULA	49,630 %

Klasse 04 LA:3

Plass	Rytter	Hest	Klubb	Total
1	Nyhagen, Liv Jorunn	Pokemann	VOLDA	69,630 %
2	Nyhagen, Liv Jorunn	Thoke	VOLDA	67,778 %
3	Standal, Ida Kristine	Linndi N.	VOLDA	60,370 %
4	Akslen, June Helén	Zorro	EMBL	50,741

Klasse 05 MB:1

Plass	Rytter	Hest	Klubb	Total
1	Kirketeig, Anja G.	Bakony	ØRKK	69,118 %
2	Førde, Silvia Van	Raoul	EID	65,588 %
3	Nyhagen, Liv Jorunn	Thoke	VOLDA	61,765 %
4	Nyhagen, Liv Jorunn	Pokemann	VOLDA	61,176 %
5	Walderhaug, Andrea	Resident	ÅLES	54,706 %

Klasse 06 LD:1

Plass	Rytter	Hest	Klubb	Total
1	Standal, Ida Kristine	Heidrid	VOLDA	70,000 %
2	Nydal, Ann-M. H.	Donna Laura	FØRDE	66,250 %
3	Vatnehol, Karin	Lille Jeanette	VOLDA	60,000 %
-	Kirketeig, Anja Grønnevik	Aruba	ØRKK	ELI

Klasse 07 LC:2

Plass	Rytter	Hest	Klubb	Total
1	Ghaffari, Payman	Li Møy	STRK	65,200 %
2	Øie, Ragnhild D.	Myrstads Zamba	EID	57,600 %
3	Heltne, Lena	Dancing Queen	ØRKK	56,400 %
4	Nydal, Ann-M. H.	Donna Laura	FØRDE	54,800 %
4	Langhelle, Maria	Pålands Brutus	SOGN	54,800 %

Klasse 08 LB:3

Plass	Rytter	Hest	Klubb	Total
1	Standal, Ida Kristine	Linndi N.	VOLDA	64,167 %
2	Særsten, Monica yvonne	Schubert	SULA	53,333 %
2	Ghaffari, Payman	Li Møy	STRK	53,333 %
-	Stålem, Kjersti	Lille Jeanette	VOLDA	UKONK

Klasse 09 LA:2

Plass	Rytter	Hest	Klubb	Total
1	Nyhagen, Liv Jorunn	Pokemann	VOLDA	72,083 %
2	Nyhagen, Liv Jorunn	Thoke	VOLDA	68,333 %
3	Standal, Ida Kristine	Linndi N.	VOLDA	59,583 %
4	Akslen, June Helén	Zorro	EMBL	55,833 %

Klasse 10 MB:2

Plass	Rytter	Hest	Klubb	Total
1	Kirketeig, Anja G.	Bakony	ØRKK	62,941 %
2	Nyhagen, Liv Jorunn	Thoke	VOLDA	62,059 %
3	Nyhagen, Liv Jorunn	Pokemann	VOLDA	60,000 %
4	Gjerland, Ina Mari	Anastasia III	EID	59,412 %
5	Walderhaug, Andrea	Resident	ÅLES	47,941 %

Her rir ho hingsten Pokemann.